



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato
21.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/2233
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland og
landbrukskontora

Praktiseringsbrev for handsaming av enkeltsaker og bruk av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12

Naturmangfaldlova blei vedteken 19. juni 2009. § 7 gjer det klart at; *Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.*

Det skal altså alltid gjerast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa når kommunen fattar enkeltvedtak som kan påverke naturmangfald. Dette gjeld mellom anna vedtak som fattast etter *Forskrift om nydyrking, Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* og anna lovverk som landbrukskontora har ansvar for. Dette må sjåast i samanheng med forvaltningslova sine krav til grunngjeving, jf. §§ 24 og 25.

Det er ikkje alltid naudsynt med ei omfattande vurdering etter alle miljørettsprinsippa, og i nokre høve er ikkje alle prinsippa relevante. Det skal uansett gjerast ei konkret vurdering, og det skal presiserast om nokre av prinsippa ikkje er relevant for den aktuelle saka. Ei konsekvent gjennomføring av dette bidrar til at sakshandsamar og publikum blir meir medvitne om desse prinsippa, og til at vurdering av konsekvensar for naturmangfaldet blir meir synlig og meir strukturert. Vurderinga må vere ein del av saksvurderinga i vedtaksdokumentet.

Det vil vere ein formell sakshandsamingsfeil om dei miljørettslege prinsippa ikkje blir vurdert, noko som kan føre til at vedtaket ikkje er gyldig etter forvaltningslova § 41. I utgangspunktet er det tilstrekkeleg at det kan tenkast at feilen har hatt verknad for resultatet, for at eit vedtak blir kjend ugyldig. Manglande synleggjering av vurderinga etter naturmangfaldlova vil som hovudregel vere ein slik feil.

Fylkesmannen si rolle er å rettleie kommunane, vi har og høve til å oppheve vedtak som ikkje er gyldige, jf. forvaltningslova § 35. Vi har opp gjennom åra hatt fleire kurs for kommunane i praktisk bruk av naturmangfaldlova, og vi opplever at sakshandsamarane i kommunane i stor grad har blitt vant til å bruke desse prinsippa.

Vi ser likevel framleis at prinsippa ikkje blir brukt konsekvent, og den seinare tida har vi oppheva fleire vedtak der dette ikkje er gjennomført etter lova. Vi ser og at mange vurderingar etter naturmangfaldlova er mangelfulle, òg når det gjeld sentrale tema som å skildre kva

konsekvensar aktuelle tiltak kan få for naturmangfaldet, jf kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8.

Naturmangfaldlova har no vore gjeldande i snart 8 år, og vi forventar at denne praksisen er kjent for alle sakshandsmarar.

Om Fylkesmannen blir kjend med vedtak der det ikkje ligg føre ei vurdering etter naturmangfaldlova eller der denne vurderinga er svært mangelfull, vil vi vurdere om vedtaket er ugyldig. I tilfelle eit vedtak blir kjend ugyldig, og såleis oppheva, vil saka bli sendt tilbake til kommunen for ny handsaming.

Vi viser elles til rettleiar *Naturmangfaldloven kapittel II* som kom i 2016 for vidare rettleiing. Her får de ein god gjennomgang av korleis miljørettsprinsippa skal nyttast i den daglege sakshandsaming. <http://miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/Publikasjoner/Annet/t-1554.pdf>

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.